

Vestjotunheimen villreinutval



Årdalstangen 06.12. 2017

NVE –Konsesjonsavdelinga,
Postboks 5091, Majorstua,
0301 OSLO

NY REGULERINGSKONSESJON FOR FORTUN-GRANDFASTE I LUSTER

Syner til skriv om høyringsuttale for ny reguleringskonsesjon for Fortun – Grandfaste vassdraget i Luster kommune. Vår uttale er kun knytta til den påverknad vi meiner å kunne dokumentere at tekniske inngrep har på villrein, både direkte og indirekte.

Vest-Jotunheimen villreinutval er ein samanslutning av grunneigarar innanfor Vestjotunheimen villreinområde.

Vår hovudoppgåve er å sikre reinens leveområde mot inngrep og forstyringar slik at beitepotensialet vert best muleg utnytta. Den viktigaste oppgåva er å sikre trekkveggar innanfor villreinområdet og naboområder.

Målet er å bidra til ei berekraftig forvaltning som gjev godt utbyte - næringsmessig for jaktrettshavarane, og i form av rekreasjon og jaktutbyte for jegrane.

Det å ha ein sunn og berekraftig villreinstamme i våre fjell er eit kvalitetsstempel på korleis vi som brukarar av området opptre og korleis me forlet det.

Hydro Aluminium, eigar av Hydro Energi, har som slagord; **Better, Bigger and Greener**. Når det gjeld "Greener" så seier CEO Svein Richard Brendzæg at fokus på dei miljømessige fotavtrykka etter Hydro vert viktigare og viktigare i åra som kjem.

På same måte som hjorten er ein indikator på utslepp av fluor frå produksjon av aluminium, er villrein ein indikator på om vi har tatt dei rette omsyn når installasjonar vert bygd og drifta ifm kraftutbygging.

Vi meiner vi kan dokumentere at det er tre inngrep som har direkte eller indirekte påverknad på villrein sin bruk av leveområde.

Slik vi ser det er det små avbøtande tiltak som skal til for å redusere Hydro sine fotavtryk og betre tilhøva til villrein.

Vestjotunheimen villreinutval



Årdalstangen 06.12. 2017

I Hydro sin søknad om fornying av reguleringskonsesjon står følgende:

“En fornyelse av reguleringskonsesjonen innebærer en ny vurdering av forholdet mellom utnyttelse av vannkraftpotensialet og hensynet til brukerinteressene i området. Hydro ønsker å hensynta viktige brukerinteresser i området, men mener samtidig at verdien av vannkraftpotensialet som en fornybar og klimavennlig ressurs bør vektlegges høyt. For Hydro utgjør selskapets vannkraftproduksjon en viktig del av grunnlaget for aluminiumsproduksjon i Norge”.

Under Samandrag og vurderingar ser ein ingen utfordringar eller tiltak knytta til villrein. Dette trass i at regulanten er gjort merksam på dette ved fleire høver, spesielt utfordringane knytta til klaradammen i Styggedalen.

Det er utført synfaring i området, regulanten hadde ikkje representant med på synfaringen men var representert ved Naturrestaurering AS. Desse har, på oppdrag fra regulanten, utarbeida rapport 2016-03-02 *Utredning av hensyn til villrein og tamrein ved søknad om fornyet konsesjon Fortun – Grandfaste.*

I rapporten vert tilhøva i Styggedalen og Ringsdalen poengtert og forslag til avbøtande tiltak vert nemnt.

Det kan synast som om at kunnskapen om villrein sin bruk av området er mangelfull og at ein blandar saman omsyn til villrein og tamrein. Villrein har fått liten eller ingen plass i søknadsdokumentet, ingen kart over villreinområdet eller trekkruter. Konsekvensane vert omtala som bagatellmessige og avbøtande tiltak som ikkje naudsynt!! Søknaden inneheld direkte faktafeil om villreinstammen i Vestjotunheimen med tanke på bestandsstørrelse og arealbruk, noko som kan få konsekvensar når avbøtande tiltak skal handsamast og påleggast regulanten.

Formålet med høyringa er å få synspunkt på dei framlagde planane og alternativa som er presentert, vurdert etter konfliktgrad. Det er ønskjeleg med grunngitte synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller avgrensingar i planane. NVE ønskjer også grunngitte forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane

Vestjotunheimen Villreinutval har dreve systematisk oppfølging av villrein i området sidan 1993. Gjennom uttallige oppsynsturar, tellingar, GPS merke prosjekt og registrering av reinsgraver, er vi dei som er best kvalifisert til å uttale oss om villrein sine bruk og behov innanfor det området konsesjonssøknaden berører.

På bakgrunn av dette ynskjer vi å informere litt om villrein som art og bruken av fjellområda i Vestjotunheimen.

Vi kan dokumentere 3 tekniske inngrep som har direkte og indirekte påverknad på villrein sin bruk av villreinområdet. Desse ingrepa hav vi og forslag til avbøtande tiltak for.

Vestjotunheimen villreinutval




Årdalstangen 06.12. 2017

Historikk

I starten var Vest-Jotunheimen del av eit større, samanhengande område med villrein. Dei gamle trekkvegane førde reinen over langt større område enn no. Mange av desse trekkvegane vert framleis brukte.

Fram til 1840 var det berre villrein i desse fjella. Men dette året vart det fyrste tamreinlaget skipa i området. I tida framover, til langt ut på 1900-talet, var det tidvis ei aktiv tamreindrift i området. Det siste tamreinlaget på halvøya mellom Lustrafjorden og Årdalsfjorden vart avvikla i 1960.

Den noverande villreinen i Vest-Jotunheimen stammar truleg både frå den opphavelig villreinen i området og dyr som vart att etter tamreindriften. Etter at tamreindriften tok slutt, auka villreinstamma raskt. Det manglar likevel sikre teljingar frå denne første tida. Bakketeljing i 1981 viste nær 900 dyr, men mykje tyder på at det var enno meir dyr enn det teljinga synte. Tiltak for å redusere stammen vart satt i verk. Etter kvart hadde ein ikkje tilstrekkeleg kontroll på totaltalet i stammen. Etter telling i 1992/93 synte totaltelling ein stamme på 312 dyr og jakta vart stoppa. Etter 1993 har det vore så godt som årleg telling frå helikopter.



Graf. syner utviklinga i stammen i perioden 1993 - 2017

Villreinstammen i Vestjotunheimen vert i dag forvalta etter ein fireårig bestandsplan der målsettinga er å ha 400 vinterdyr.

Vestjotunheimen villreinutval




Årdalstangen 06.12. 2017

Villreinsens beiteområder og trekkruiter

Gjennomført beitegransking konkluderer med at lavmattedekket vest for Utladalen kan tola beiting av 300 - 460 dyr om vinteren, og aust for Utladalen 120 - 210 dyr. Ut frå dette er bestandsmålet innan utgangen av planperioden sett til 400 vinterdyr i vestleg område.

Sentrale krav til villreinen sitt leveområde er størrelsen på leveområde, forstyrring frå menneskeleg aktivitet og tilhøva mellom stammestørrelse og beitetilgang.

Vestjotunheimen villreinområde er eit lite villreinområde og derfor meir sårbare for overbeite, forstyringar og inngrep.



Den austre delen av villreinområde har ikkje hatt registrert villrein sidan 1985. Området vart, i lag med det området mellom Årdal og Lærdal som har reetablert ein villreinstamme, tomt for villrein i den perioden det sist var tamreindrift i området. På bakgrunn av konfliktane oppheva Landbruksdepartementet konsesjonen til tamreinlaget i 1988, 3 år før konsesjonstida gjekk ut. Tamreindriften vart tvungen til å avvikle drifta.

Det er eit ynskje at vi igjen skal klare å få villrein til å ta i bruk også dette området. Skal ein lykkast med det er åpne trekkveger aust/vest ein forutsetning.

DET ER BETRE MED REIN SAMVITTIGHEIT EN REIN PÅ SAMVITTIGHEITEN

Vestjotunheimen villreinutval



Årdalstangen 06.12. 2017

Villreinen lever heile sitt liv i flokk og lever i eit klimatisk tilhøve som stiller store krav til overlevelsessevna til dyra. Villreinen sitt nomadiske levesett medfører at forflytning innan leveområdet fylgjer innarbeide trekksystem. Trekkrutene går mellom sommar og vinterbeite samt at simlene vil ha eigne kalvingsområder med spesielle forutsetningar for denne kritiske perioden. Kalvingsområde er eit område som skal vere vanskeleg tilgjengeleg for rovdyr, eller lite forstyrta av menneskeleg aktivitet. For simlene er frambæring av kalv ei ekstra påkjenning som særleg vert merkbar på ettervinteren. Dersom desse trekkrutene vert øydelagde eller forstyrta kan det sette store delar av leveområde ut av spel ved at tilgjenge for reinen vert hindra eller redusert.

Reinen har vinterbeite sitt på seintvoksende lavmatter, det medfører at den er avhengig av å kunne rotere på vinterbeite slik at lavmattene skal kunne vekse opp att før dei på nytt vert beita på. Dette gjer at villreinen som art er avhengig av store leveområder for å oppretthalde ein levedyktig stamme.

Opprineleg hadde dei tidlegare store samanhengande villreinområda ein god fordeling mellom vinterbeite og sommarbeite. Menneskelege beslag på areal har ført til at trekkrutene mellom ulike sesongbeite er sperra. Dette kan føre til at fordeling mellom sommar- og vinterbeite kjem i ubalanse. Dersom ein hindrar rotasjon i beiteområder kan ein risikere at reinen vert ståande på somarbeite heile året, noko som skapar problem med overleving vinterstid.

Vestjotunheimen villreinområde har både kystklima og innlandsklima. Dette medfører at ein enkelte år i kystklima kan få nedising og med det vanskeleg tilgjenge til lavmattene som reinen er avhengig av. I slike høve er det viktig at reinen kan trekke uhindra austover og inn i gode beiteområder.

Hydro sitt ansvar i villreinområde.

Mykje av den velstandsutviklinga vi har hatt i Noreg etter krigen skuldast inntekter frå den kraftkrevjande tungindustrien. Grunnlaget for denne utviklinga vart til gjennom omfattande vasskraftutbygging i kjerneområda til villreinen, i høgfjellet i Sør-Noreg. Dette gav landet nok kraft til at denne industrien vart konkurransedyktig på den internasjonale marknad.

Som delansvarleg i denne utviklinga har Hydro eit spesielt ansvar for å redusere sine fotavtrykk i området og bidra til at leveområdet for villreinen vert så godt som mogeleg.

Villrein er ein art som har høge krav til sitt leveområde og er såleis ein kvalitetsindikator på korleis vi som brukarar av fjellområda steller til og forvaltar desse.

Vestjotunheimen villreinutval



Årdalstangen 06.12. 2017

Jotunheimen nasjonalpark er ein del av Vestjotunheimen villreinområde, det vil vere eit stort tap i det biologiske mangfaldet om villrein skulle verte vekke. Sidan Nasjonalparken er ein del av villreinområdet vil forvaltning av randsonene til Nasjonalparken ha stor betydning for livet inne i Nasjonalparken.

Den situasjon vi har hatt i Vestjotunheimen villreinområdet fortel oss at grensa for forstyrringar og hindringar er nådd. Vi må i langt større grad ta omsyn til villrein når aktivitetar og beslag av areal knytta til villreinområdet planlegges. Tida er inne for at avbøtande tiltak må setjast inn der det er muleg.

Klaredammen i Styggedalen

Vest-Jotunheimen villreinutval meiner at vidare utfyllinga av deponi i Styggedalen, slik arbeidet til no er utført, må stoppast. Dersom deponeringen skal forsette slik den er utført til no, vil det føre til ein gradvis forverring av dagens tilstand

Vatnet i Styggedalen er kunstig oppdemd, og vart lagt midt i trekkruta til villrein. Deretter har Hydro Energi teke opp store mengder masse som har samla seg i Klaredammen og lagra desse massane på sør-sida av vatnet. På den sida må også rein trekka då det er einaste moglegheita den har att for å koma forbi dette hinderet. Det har blitt observert at villreinen har hatt vanskar og utfordringar med å kome seg vidare. Det er derfor særst viktig at deponiet ikkje vert større, og at Hydro Energi gjer tiltak basert på villreinens vandringsmønster og at ein tek omsyn til det heilskaplege landskapsbilete.

I tillegg til deponiet la Hydro Energi opp ein høg rygg ved elva frå Styggedalsbreen og ned til dammen, dette har skapa endå eit vandringshinder for villreinen, og må endrast. Alternativ til dammen i Styggedalen er kanskje eit lite vatn som har kome lengre opp mot breen, etter at den har trekt seg tilbake.

Dette er eit eksempel på direkte fysiske hindringar for villrein som må gjerast avbøtande tiltak på.

For ikkje å øydelegga denne trekkvegen for reinen ytterligare, må det lagast ein plan for vidare lagring av masse frå klarebassenget. Landskapstilpasse eksisterande deponi for å forbetra det visuelle intrykket av området med Nasjonalparken som næraste nabo.

- Planen må ivareta villrein sine behov for å passere på ein trygg måte til alle årstider.
- Unngå bratt deponering som medfører sig og fare for villrein å passere
- Revegitere med massar som gir beite og motivasjon for vidare trekk for villrein.
- Registrere og ivareta fangsminner rett vest for dagens deponi.
- Ta med villreininteressene i planleggingsfasen for å bidra til å ønska resultat.
- Plan må fortelje når arbeid med deponering skal pågå for å hindre at arbeid vert utført i tider på året når villrein er på trekk.


Alternativ til deponering rundt vatnet er å frakte vekk massane frå området.

Vestjotunheimen villreinutval



Årdalstangen 06.12. 2017

Som det framgår av kart og flyfoto under, er dette ein viktig og den einaste trekkvegen for reinen som vil austover mot Utladalen og nordover mot Sognefjellet. Misser reinen moglegheitene til å nytta denne delen av villreinområdet er mykje tapt.



Kartet syner villrein sine trekkveger i det aktuelle område




Den blå streken syner villrein sin gamle trekkveg, den raude slik den er i dag. På vinteren går rein over vatnet. Alle foto: Einar Fortun

DET ER BETRE MED REIN SAMVITTIGHEIT EN REIN PÅ SAMVITTIGHEITEN

Vestjotunheimen villreinutval



Årdalstangen 06.12. 2017



Raud strek syner trekkroute over deponiet orange den gamle trekkruta

DET ER BETRE MED REIN SAMVITTIGHEIT EN REIN PÅ SAMVITTIGHEITEN

Vestjotunheimen villreinutval



Årdalstangen 06.12. 2017



Bilder frå arbeidet med graving og deponering av klaringsdammen i Styggedalen i 2008.



Lause skråningar utan vegetasjon er med å gjere det til tider utfordrande for rein å passere.

DET ER BETRE MED REIN SAMVITTIGHEIT EN REIN PÅ SAMVITTIGHEITEN

Vestjotunheimen villreinutval



Årdalstangen 06.12. 2017

Gamal anleggsveg i Ringsdalen

Gjennom Ringsdalen går også ei trekkroute som er avgjerande for at villreinen frå Vest-Jotunheimen skal nå vinterbeita på Sognefjellet. Ved utbygginga til Hydro Energi i Ringsdalen vart det etablert ein bilveg inn dalen til nokre anlegg. Vegen i seg sjølv er ikkje eit stort problem for villreinen, men eit aukande og vedvarande problem er turistar som køyrer heilt fram og deretter teltar midt i reinstrekket. Ved å stengje vegen til Hydro Energi ved oppkøringa frå Tindevegen, kan ein minske den indirekte effekten av utbygginga, som nå har blitt eit problem for villrein i Vest-Jotunheimen.

I området er ein av dei største anlegg av reinsgraver på vestlandet med over 20 reinsgraver.



DET ER BETRE MED REIN SAMVITTIGHEIT EN REIN PÅ SAMVITTIGHEITEN

Vestjotunheimen villreinutval



Årdalstangen 06.12. 2017

Bekkeinntak på Murane

Villreinutvalet ser helst at utkøyrsla ved bekkeinntaket på Murane vert redusert og ikkje vert utvida, då dette har ein indirekte negativ effekt på villreintrekket. Området vert nytta som overnatting av bubilar, telt og campingvogner.

Området på Murane ber fortsatt preg av å vere eit anleggsområde etter utbyggingstida på 50-60 talet. Ein del av tippene vert i dag nytta til parkering og overnatting i områder som er trekkruiter for villrein. Desse plassane kan med små midlar omarbeidast slik at ein reduserar mulegheitane for overnatting og parkering. Eit tiltak er å flytte massane til eit område der rein ikkje trekker. Ved å tilrettelegge for parkering kan ein flytte den menneskelege aktiviteten og bidra til å betra tilhøva til villreinen.

Avslutningsvis viser villreinutvalet til at det har gått tapt 4-5 tamrein ved Prestasteinsvatnet, ved at dei hadde ramla ned i ei sprekk i isen, etter at vatnet var regulert ned på vinteren. Oppdemming av vatn har påverka villreintrekka, og då Hervavatnet vart oppdemt vart ei viktig trekkroute borte. Det har gått tapt 10-12 villreinsbukkar på Hervavatnet på vårparten, grunna utrygg is. Utrygg is kan førekome, og kan ha negative konsekvensar for både menneskjer og dyr.

Vest-Jotunheimen villreinutval har hatt eit positivt samarbeid med Hydro Energi og håpar at dette kan vidareførast og bidra til at vi saman skal kunne ta vare på villreinstamma i Vest-Jotunheimen

Vestjotunheimen villreinutval har her påpeika ein del tilhøve som Hydro må ta omsyn til ifm søknad og plan for avbøtande tiltak.

Det vil bidra til at Hydro:

- reduserar sine fotavtrykk i eit sårbar område,
- tek omsyn viktige brukaintresser i området.
- redusere dei negative konsekvensane samt hindre konflikter i etterkant.
- etterlever sine visjonar om å ivareta omsyn til miljøet og omgivnaden.
- syner seg som ein samarbeidspartnar med brukarinteressene i området.

Plan for tiltak og gjennomføring må vere ein del av ny reguleringskonsesjon.

For styret i Vestjotunheimen Villreinutval

Vidar Moen
Leiar Vestjotunheimen Villreinutval

Aina- Elise Stokkenes
Sekretær og Fjelloppsyn